

Møteprotokoll

GISKE FORMANNSKAP

Møtedato: 23.03.2026
Møtestad: Giske rådhus, kommunestyresalen
Møtetid: Kl 14:00 - 17:00

Av medlemmer møtte:

Lina Blindheimsvik Røssevold
Geir Arne Dyb
Kenneth Langvatn
Marit G. Alnes
Monika Vartdal Giske
Olav Sindre Roald
Marit Vik

Parti

Ap
FrP
H
KrF
Sp
TLG
V

Frå administrasjonen: Kommunedirektør Karl André Birkhol, kommunalsjef Hilde Røsvik, Lene Bjørlo Overå, Åse Elisabeth Skjærseth, økonomisjef Ann Kristin Thu.

Habilitet:

Innkalling og sakliste: Godkjende utan merknad.

Møteleiar:	Kenneth Langvatn
Politisk sekretær:	Ingvild Nautvik

Sakliste

Sak nr	Sakstittel
026/26	Godkjenning av møteprotokoll
027/26	Orienteringar, grunngjevne spørsmål, diverse
028/26	Referatsaker

Sak nr	Sakstittel
029/26	Skulebruksplan Giske kommune 2025 -2030
030/26	Fylkesstrategi for kultur 2026-2029 - høyring
031/26	Val av styre til Giske hamnevesen KF

026/26: Godkjenning av møteprotokoll

Innstilling:

Møteprotokollen blir godkjend.

Giske formannskap 23.03.2026

Innstillinga vart samrøystes godkjend.

F - 026/26 Vedtak:

Møteprotokollen blir godkjend.

027/26: Orienteringar, grunngjevne spørsmål, diverse

Innstilling:

Saka vert tatt til vitande.

Giske formannskap 23.03.2026

Orienteringar:

Frå kommunedirektør

- Løypemelding kommuneplanens arealdel v. arealplanleggar Gerd-Alice Blindheim
- Sal av bustadar på Godøya
- Høyring tunellar og beredskap.

Frå ordførar:

- Søknad frå Idar Blindheim ang belysning på div. friområder på Valderøya. Formannskapet ber om sak der ein legg fram ei vurdering av dette og liknande områder i kommunen.
- NOU kommunekommisjon: Formannskapet ber kommunedirektøren utarbeide ein uttale basert på ordførar sitt forslag til uttale framlagt i møtet. (vedlagt)
- Status byggenemnda v. nemndleiar Olav Sindre Roald (TLG). Formannskapet ber om grundig informasjon og utgreiing om byggeprosjekt då det blir stilt spørsmål om openheit i dokument og protokoll frå arbeidet hittil.

Frå Olav Sindre Roald (TLG):

- Bustadkonferansen av NFU/kommunen 9.mars. Korleis vert dette fulgt opp vidare? Giske formannskap ber Kommunedirektøren orientere i komande møte om pågåande prosessar knytt til etablering av tilrettelagde bustader for unge vaksne med særskilde behov.

F - 027/26 Vedtak:

Saka vert tatt til vitande.

028/26: Referatsaker

Innstilling:

Referatsakene blir tatt til vitande.

Giske formannskap 23.03.2026

RS 006: Formannskapet ønsker samrøystes i gje uttale frå Giske, jf. utkast frå ordførar.
(vedlagt)

F - 028/26 Vedtak:

Referatsakene blir tatt til vitande.

029/26: Skulebruksplan Giske kommune 2025 -2030

Innstilling:

Giske kommunestyre legg kunnskapsgrunnlaget i skulebruksoversikta til grunn for vidare arbeid med framtidige prioriteringar og strategiske val.

Giske formannskap 23.03.2026

Merknad om at framskrivingstal på elevantal i rapporten reviderast innan neste behandling.

Formannskapet utset saka til komande møte.

F - 029/26 Vedtak:

Saka vart utsatt.

Teknisk utval 19.03.2026

Innstillinga vart samrøystes godkjend.

TU - 009/26 Vedtak:

Tilråding:

Giske kommunestyre legg kunnskapsgrunnlaget i skulebruksoversikta til grunn for vidare arbeid med framtidige prioriteringar og strategiske val.

Livsløpsutvalet 12.02.2026

Innstillinga vart samrøystes godkjent.

LU - 009/26 Vedtak:

Giske kommunestyre legg kunnskapsgrunnlaget i skulebruksoversikta til grunn for vidare arbeid med framtidige prioriteringar og strategiske val.

Råd for menneske med funksjonsnedsetting 12.02.2026

Innstillinga vart samrøystes godkjent.

RMF - 006/26 Vedtak:

Giske kommunestyre legg kunnskapsgrunnlaget i skulebruksoversikta til grunn for vidare arbeid med framtidige prioriteringar og strategiske val.

Giske ungdomsråd 10.02.2026

Merknadar i plenum:

Viktig at der er nok rom og utstyr tilpassa dei faga som ein skal undervise i på skulane.

Ungdomsrådet meiner det er viktig med nærskulen for dei yngste skuleborna.

Det kan vere like viktig med basisvedlikehald på dei dårlegaste bygga i staden for å vente til ein har råd til store investeringar. Reint vatn, vindu som ikkje er knust, lekkasjefri bokhyller, fungerande varmepumper må vere eit minimum!

GUR - 004/26 Vedtak:

Tilråding:

Viktig at der er nok rom og utstyr tilpassa dei faga som ein skal undervise i på skulane.

Ungdomsrådet meiner det er viktig med nærskulen for dei yngste skuleborna.

Det kan vere like viktig med basisvedlikehald på dei dårlegaste bygga i staden for å vente til ein har råd til store investeringar. Reint vatn, vindu som ikkje er knust, lekkasjefri bokhyller, fungerande varmepumper må vere eit minimum!

030/26: Fylkesstrategi for kultur 2026-2029 - høyring

Innstilling:

Saka vert tatt til vitande.

Giske formannskap 23.03.2026

Merknadar:

Noko byråkratisk språk, litt vanskeleg å forstå kulturomgrepa ved første gjennomlesing. Når rammene for kultur idag er så stramme, er det viktig å bruke det til konkret å tilrettelegge for kulturutøving blant lokale, private o.l.

Det er viktig at kommunen kan bruke og gjere strategien til målbare tiltak i eigen plan.

Kultur i beredskapsarbeid får ei stadig viktigare rolle, der den er ein berebjelke for identitetsbygging og identitetsbevaring.

Frivilligheit må vere ei sentral drivkraft for kulturbygging.

F - 030/26 Vedtak:

Saka vert tatt til vitande.

031/26: Val av styre til Giske hamnevesen KF

Innstilling:

1. Giske kommunestyre vel ordførar Kenneth Langvatn som styreleiar, og varaordførar Marit Gunnlaug Alnes som nestleiar for styret i Giske hamnevesen KF.

2. Følgande blir valt til faste medlemmer i Giske hamnevesen KF:

- Lina Blindheimsvik Røssevold
- Geir Arne Dyb
- Monika Vartdal Giske
- Olav Sindre Roald
- Marit Vik

3. Følgande blir valt, i nummerert rekkefølge, til varamedlemmer av styret i Giske hamnevesen KF:

1. Louise Haahjem (H)
2. Andreas Rørvik Godø (MDG)
3. Gøran Follestad (INP)
4. Kjersti Valderhaug Bakke (H)
5. Øyvind Fosse (FrP)

Giske formannskap 23.03.2026

Saka vert handsama etter hasteparagrafen i kommunelova § 11-8 der formannskapet har blitt gjeve mynde av kommunestyre.

Innstillinga vart samrøystes godkjend.

F - 031/26 Vedtak:

1. Giske kommunestyre vel ordførar Kenneth Langvatn som styreleiar, og varaordførar Marit Gunnlaug Alnes som nestleiar for styret i Giske hamnevesen KF.

2. Følgande blir valt til faste medlemmer i Giske hamnevesen KF:

- Lina Blindheimsvik Røssevold
- Geir Arne Dyb
- Monika Vartdal Giske
- Olav Sindre Roald
- Marit Vik

3. Følgande blir valt, i nummerert rekkefølge, til varamedlemmer av styret i Giske hamnevesen KF:

1. Louise Haahjem (H)
2. Andreas Rørvik Godø (MDG)
3. Gøran Follestad (INP)
4. Kjersti Valderhaug Bakke (H)
5. Øyvind Fosse (FrP)